

## Mandat for prosjektgrupper P3.3 Administrativ organisasjonsstruktur

### Bakgrunn

OU-programmet for Høgskulen på Vestlandet vart etablert 09.03.17 med målsetting om å utvikle HVL som ein heilskapleg institusjon, fram til slikt ansvar er plassert enten i faglege eller administrative einingar. OU-programmet omfattar følgjande prosjekt:

P1 Førebuing av strategiprosess (forprosjekt)

P2 Fagleg organisering

P3 Administrativ organisering

P4 Digitalisering

Det er knytt ulike delprosjekt til hovudprosjekta, og *P3.3 Administrativ organisasjonsstruktur (Kopling av funksjonar, prosessar og roller til organisasjonseiningar, studiestader og stillingar)* inngår som eit slikt delprosjekt i Prosjekt P3 Administrativ organisering.

### Mandat

Delprosjektet skal levere plangrunnlag for etablering av ei felles administrativ verksemd for HVL. Planane skal skildre administrative funksjonar både i felleseiningar og i fakultetsadministrasjonane, og består av funksjons- og bemanningsplanar for dei administrative funksjonsområda. Ei slik samla etablering av fakultets- og fellesadministrasjon vil gi ein heilskapleg administrasjon, med god kontroll på grenseflater og kostnader.

Arbeidet i delprosjektet byggjer på prinsippa for administrativ organisering i [Fusjonsplattforma](#), tidlegare prosjektarbeid i delprosjekt Administrativ organisering i Fusjonsprogrammet og påfølgjande [styrevedtak](#) i [sak 17/17](#). I tillegg kjem førande avgjerder om administrativ organisering frå rektor, som utvida strategisk leiargruppe utarbeider avgjerdsgrunnlag for.<sup>1</sup>

Den føreslegne organiseringa skal leggje til rette for ein effektiv og profesjonell administrasjon med høg kvalitet i tenester og forvaltning. Organiseringa skal bidra til tydelege styringslinjer, avklåra roller og prosesseigarskap, og samsvar mellom ansvar og mynde. Løysingane skal bidra til effektivisering og avbyråkratisering av verksemda, i tråd med gjeldande krav frå styresmaktene. I prosjektet skal ein søkje å kome fram til ei optimal disponering av høgskulen sine administrative ressursar, og skildre satsingsområde med tanke på høgskulen sin universitetsambisjon.

Delprosjektet sine leveransar er definert slik:

*Delprosjektet skal levere planverk (funksjons- og bemanningsplanar) for den samla administrative verksemda ved HVL, ifølgje felles mal.*

*Funksjonsplanane* skildrar organisering av administrative funksjonsområde ved høgskulen, med skildringar av mellom anna:

- Målbilete for funksjonsområdet
- Overordna prosesseigarskap, oppgåver og ansvar som ligg til funksjonsområdet
- Kva slags undereiningar funksjonsområdet vert organisert i
- Kva slags oppgåver som skal løysast i dei ulike undereiningane

---

<sup>1</sup> Sjå mandat og prosesskildring for dette arbeidet [her](#).

- Estimert ressursdisponering på einingsnivå
- Utfordringsbilete og utviklingsbehov for funksjonsområdet

Utarbeidinga av funksjonsplanane utgjer første fase i delprosjektet sitt arbeid. Funksjonsplanane skal leverast innan 22.11.17.

*Bemanningsplanane* skildrar detaljert ressursdisponering og dei enkelte stillingane innanfor einingane i funksjonsområdet, med til dømes stillingskategori, stillingskode, stillingsprosent, kvalifikasjonskrav, ansvar og oppgåver, rapporteringslinje etc. Bemanningsplanane vil danne rammeverk for den vidare prosessen med innplassering av administrative medarbeidarar i ny organisasjonsstruktur.

Utarbeidinga av bemanningsplanane utgjer andre fase i delprosjektet sitt arbeid. Bemanningsplanane skal leverast innan 02.02.17.

### Organisering av delprosjektet

Delprosjektet vert organisert med prosjektgrupper som setjast saman med tanke på å sikre rett kompetanse inn i prosjektarbeidet, hovudsakeleg:

- Heilskapeleg organisasjonsforståing
- Fagleg kompetanse på det aktuelle administrative funksjonsområdet
- Strategisk kompetanse
- Kompetanse på ressursplanlegging

Prosjektgruppene skal utarbeide eit omfattande og detaljert planverk, og bør derfor ha ein handterlig storleik. For å sikre ytterlegare naudsynt kompetanse inn i prosjektarbeidet, samt involvering og medverknad, følgjer prosjektgruppene derfor ein overordna konsulterande prosess i arbeidet. Prosjektplanen for P3.3 Administrativ organisasjonsstruktur skildrar denne.

Når delprosjektet startar arbeidet er det fleire delfunksjonar/einingar som enno ikkje har blitt plasserte under eit overordna administrativt funksjonsområde. Disse får ei mellombels plassering i prosjektorganisasjonen, men vert flytta dersom rektor si avgjerd om plassering tilseier det. Avgjerd om endeleg plassering kan føre til endringar i samansetjing av grupper, eller behov for ytterlegare kompetanse inn i eksisterande prosjektgrupper.

*Tillitsvalde* deltek i prosjektgruppene fram til funksjonsplanane er leverte og godkjende.

Dei overordna prosjektgruppene er:

Prosjektgrupper FoUI, leia av prorektor for forskning Gro Anita Fønnes Flaten	
<b>FoUI</b>	<p>Eirin Fausa Pettersen, forskingsdirektør            Erik Kyrkjebø, viserektor FoU            Hallstein Madsen, avdelingsleiar FoU            Vidar Frette, professor            Ingrid Arnesen Råheim Grønsdal, tillitsvald            Sekretær: Kjersti Gausvik, rådgjevar.</p> <p>Prosjektgruppa vert supplert med ytterlegare kompetanse i følgje prosessplan og behov</p>

<p><i>Internasjonalisering</i> - <i>mellombels plassering i prosjektorganisasjon</i></p>	<p><i>Kompetanse frå internasjoniseringsfeltet er involverte i utarbeiding av planverk på sitt område. Endeleg samansetjing av gruppa vert avgjort når delfunksjonen er plassert i organisasjonen.</i></p>
<p><b>Bibliotek</b> <i>Mellombels plassering i prosjektorganisasjon</i></p>	<p>Trude Færevaa, bibliotekdirektør Astrid Sandnes, hovudbibliotekar Marianne Nesbjørg Tvedt, hovudbibliotekar Kjellrun Hiis Hauge, senterleiar Bente E.R. Hatlevoll, tillitsvald Sekretær: Turid Bogetvedt Hitland, hovudbibliotekar</p> <p>Prosjektgruppa vert supplert med ytterlegare kompetanse i følgje prosessplan</p>
<p><b>Prosjektgruppe Utdanning, leia av prorektor for utdanning Bjørg Kristin Selvik</b></p>	
	<p>Kristin Ravnanger, utdanningsdirektør Terje Bjelle, viserektor for utdanning Espen Fosse, studiesjef Svein Magne Abrahamsen, høgskulelektor Torunn Herfindal, tillitsvald Sekretær: Anne Gro Dalland, rådgjevar</p> <p>Prosjektgruppa vert supplert med ytterlegare kompetanse i følgje prosessplan</p>
<p><b>Prosjektgruppe Intern og ekstern samhandling, leia av prorektor for samhandling Liv Reidun Grimstvedt</b></p>	
<p><i>Senter for nye medier</i> <i>Mellombels plassering i prosjektorganisasjon</i></p>	<p>Helge Olsen, kommunikasjonsdirektør Svein Ove Eikenes, informasjonssjef Tove Takvam Uglum, rådgjevar Georg Førland, dekan Reidun Stavland, tillitsvald Sekretær Anne Brit Lauvsnes, rådgjevar</p> <p>Prosjektgruppa vert supplert med ytterlegare kompetanse ved behov</p> <p><i>Kompetanse frå senteret deltek i arbeidet si innleiande fase med skildring av funksjonar og ressursar. Vidare arbeid skjer i prosjekt P2 Fagleg organisering – gjennomgang av senterstruktur.</i></p>

**Prosjektgrupper Organisasjon, leia av organisasjonsdirektør Tage Båtsvik**

**Undergruppe Personal**

*Gruppa skal og utarbeide forslag til stabs- og leiarstøttefunksjonar på nivå 1, 2 og 3*

*Arkiv*

Ida Heggholmen, personaldirektør  
Wenche Fjørtoft, personaldirektør  
Egil Almås, personalsjef  
Leif Longvanes, instituttleder  
May Britt Sandstå, tillitsvald  
Sekretær: Kjersti Saltnes, rådgjevar

Prosjektgruppa vert supplert med ytterlegare kompetanse i følge prosessplan og behov.

*Marianne Nesbjørg Tvedt er øvste leiar for arkivfunksjonen i Stord/Haugesund, og erstattar Egil Almås i prosjektgruppa i arbeidet med arkivfunksjonen. Ytterlegare arkivfagleg kompetanse deltek i arbeidet ifølge prosessplan og behov.*

**Undergruppe IKT**

Bjørn Elvsaa, IT-leiar  
Idar Flemmen, IT-sjef  
Knut Erling Øien, IT-leiar  
Aasmund Kvamme, høgskulelektor  
Svein Bjarne Brandtsgård, tillitsvald  
Sekretær for gruppa: Lene Susann Pilskog, avdelingsrådgjevar

Prosjektgruppa vert supplert med ytterlegare kompetanse i følge prosessplan og behov.

**Undergruppe Arealforvaltning, drift og service**

**Endre Laastad, direktør for arealforvaltning, drift og brukerservice (prosjektgruppeleiar)**

John Ove Berge, seniorkonsulent  
Hans Erik Lundberg, senior prosjektleder  
Tone Reistad, kontorsjef  
Pål-Albert Olsen, tillitsvald  
Sekretærfunksjon kommer.

Prosjektgruppa vert supplert med ytterlegare kompetanse i følge prosessplan og behov.

**Undergruppe Økonomi**

**Kirsten Bakken, økonomisjef (prosjektgruppeleiar)**

Jan Ove Henriksen, økonomidirektør  
Karianne Brøndbo Bergheim, økonomidirektør  
Trude Engebretsen, kontorsjef  
Tone Skjerdal, tillitsvald  
Sekretær: Trine Meling Stokland, avdelingsrådgjevar

Prosjektgruppa vert supplert med ytterlegare kompetanse i følgje prosessplan og behov.